



**Kommunal- og distriktsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet**  
*Statsrådene*

Valgansvarlig i Austrheim kommune  
Sætremarka 2  
5943 AUSTRHEIM

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/568-6

3. juli 2023

## Informasjonsbrosjyre til kandidatane ved valet i 2023

Du får no tilsendt ein brosjyre fordi du er listekandidat ved enten kommunestyrevalet eller fylkestingsvalet i 2023. Formålet med denne brosjyren er å gjere deg meir medveten på moglegheita for uønskt påverknad av valet. Brosjyren er òg tilgjengeleg på regjeringen.no.

Brosjyren er utarbeidd i eit samarbeid mellom Etterretningstenesta (E-tenesta), Nasjonal tryggingorgan (NSM) og Politiets tryggingsteneste (PST). Brosjyren forklarar blant anna kvifor du som listekandidat kan vere av interesse for uønskt påverknad frå framande statar sine etterretningstenester, og korleis framande statar og andre aktørar kan forsøke å få tilgang til sensitiv informasjon frå deg eller ditt parti. Du får òg råd om kva du kan gjere for å hindre dette, samt når og av kven du bør be om råd.

Politiets tryggingsteneste (PST) skriv i si opne nasjonale trusselvurdering at etterretningstenestene i fleire land driv verksemd på norsk jord. PST framhevar òg at dei digitale trusselaktørane utviklar stadig meir avanserte metodar og verkemiddel for å få tilgang til sensitiv informasjon. Vi meiner derfor at vi alle kan bli meir medvetne om kva vi sjølv kan gjere for å hindre påverknad, desinformasjon og andre uønskte hendingar. Vi håper denne brosjyren vil auke medveten om påverknad og informasjonssikkerheit.

Med helsing

Sigbjørn Gjelsvik  
Kommunal- og  
distriktsminister

Emilie Enger Mehl  
Justis- og  
beredskapsminister

Bjørn Arild Gram  
Forsvarsminister